

ÅRSMELDING

Jenter 9 (f 2008)

Eg er trenar i lag med Lill Therese Kristiansen, Marie Strømmen og Thomas Thunes. Vi starta sesongen med å samle alle 9 åringane i Florahallen. Det er var då 26 jenter. Det har kome to nye, og så er det dessverre to som har slutta. Årsak var for mykje aktivitet (Volleyball, turn, fotball).

Til tross for ugunstig treningstid har det vore godt oppmøte på trening heile sesongen. Treningane er ofte delte, der siste halvtimen er tredelt, ein trenar på kvar gruppe. I februar har vi og fått tilgang på ein liten del hall ein halvtime ekstra, der dei som har lyst får være igjen og trene litt ekstra. Det er utruleg kjekt å sjå utviklinga til kvar enkelt spelar berre på dette halve året.

På trening har vi fokus på ballkontroll, teknikk, skudd, finte. Vi har og byrja å ha litt fokus på målvakt, mykje for at det skal verte endå meir populært å prøve seg der. Vi spelar sjeldan «vanleg» handball på trening, det får vi trent på når vi spelar turnering. Likevel har dei hatt stor framgang i spel og forståing av spelet.

Vi har meldt på 6 lag til turneringane, så alle får spele 2 fulle kampar, og halve gruppa får tre. Det bytar dei sjølvsagt på. Vi kunne gjerne meldt på endå fleire.

Utfordringar i sesongen har vore å planlege treningane godt nok med 26 jenter på ein halv hall, men det har gått bra. Vi gler oss likevel til neste sesong med større plass.

Foreldrekontakter er Bengt Solheim-Olsen og Nina Fagerstrøm

Weronika Kinn Breidvik
27. februar 2018